



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Fredag 01.04.2022

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Digitalt

Til stades:

Eidfjord kommune: Varaordfører Aslak Læg Reid
Kvam herad: Varaordfører Frode Nygård
Ullensvang kommune: Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitheim og konsulent Trude L. Rinaldo

Forfall:

Rådmannsforum: Ole-Jørgen Jondahl - leiar

Agenda:

09.00 - 10.00 Årsmøte i Hardangerrådet iks
10.00 - 11.30 Orientering v/ Hilde Gjester Hoel Odda Vgs
 Korleis kan vi forbetra samarbeidet mellom skule og arbeidsliv
 > Internasjonalt prosjekt StrideforStride
 Nibio og Hardanger Siderprodusentlag v/ Gunnhild Jåstad og Kjetil Widding
 > Internasjonalt siderprosjekt
 > Status og planar Hardanger Siderprodusentlag
 Orientering v/dagleg leiar.
 Nytt prosjekt "Flytt til Hardanger"
 Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden
 Rein Hardangerfjord - prosjektstatus
11.30 - 12.30 Lunsj
12.30 - 15.00 Sakshandsaming

Vedr. orienteringar frå dagleg leiar:

Nytt prosjekt "Flytt til Hardanger":

Regionrådet ønskjer å ikkje setja prosjektleiing bort til ekstern aktør. Det er avgjerande for resultatet at prosjektet vert forankra i kommunane og i næringslivet. Derfor ønskjer rådet at prosjektet vert drive "innanfrå" og at alle berørte partar vert tekne med i prosjektplanlegging og gjennomføring. Prosjektplan og nytt prosjektnamn vert lagt fram for godkjenning i rådsmøtet 9. juni.

Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden:

Vestland fylkeskommune og Region Nordhordland vert inviterte til rådsmøtet 9. juni for å orientera om "Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger" samt arbeidet med "Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland".

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Hans Petter Thorbjørnsen og Aslak Læg Reid.

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 07/22 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande

HR-sak 08/22 Uttale vedr. mogleg reversering av domstolreforma

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek framlagde høyringsuttale til Justis- og beredskapsdepartementet vedr. endringar i domstolstruktur.

HR-sak 09/22 Rettsal Lofthus - forlenging av avtale

Vedtak:

Hardangerrådet forlengjer leigeavtale for rettslokale på Lofthus med 5 nye år frå 01.10.2022 Forlengjinga føreset at Domstoladministrasjonen forlengjer avtalen tilsvarende.

HR-sak 10/22 Medfinansiering Regional reiselivsstrategi - Søknad frå Visit Hardangerfjord

Vedtak:

Hardangerrådet dekkjer utgifter til denne rapporten tilsvarende ¼ på kr 80.000,- på vegne av reiselivet. Beløpet vert dekkja igjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".

HR-sak 11/22 Uttale vedr. Planprogram - Regional plan for fornybar energi

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik høyringsuttale til Planprogram - Regional plan for fornybar energi

Innspel frå Hardangerrådet til planprogrammet:

- Val av plantema

Hardangerrådet støttar valet av plantema og har ikkje andre forslag

- Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema

Kraftsituasjonen i Vestland. Hardangerrådet meiner det må prioriterast ei utgreiing for korleis overskotskraft kan nyttast til ny næringsutvikling i dei regionar der krafta vert produsert. Kortreist kraft vil vera det mest miljøvenlege, føra til låg belastning av linjenettet og medverka til fylkeskommunens uttalte mål om å ta heile fylket i bruk.

- Medverknad i planarbeidet

Hardangerrådet meiner at i tillegg til aktørar som er nemnde i kap. 4 Medverknad bør regionråda ha ei sentral rolle.

HR-sak 12/22 Orientering om viktige saker i kvar kommune, Vestland fylkeskommune og i Stortinget til oppfølging i Hardangerrådet. Orientering ved kvar ordførar

Saka vert utsett til neste rådsmøte.

HR-sak 13/22 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

Sak meldt inn frå Kvam herad:

Høyring RTP 2022-2033 Handlingsprogram og investyeringsprogram.

Hardangerrådet har fått utsett frist til 8. april. Uttale frå HR vert sendt innan denne dato.

Møteboka godkjent 01.04.2022

Roald Aga Haug
Rådsordførar

Rådsmedlem
Hans Petter Thorbjørnsen

Rådsvaramedlem
Aslak Lægroid